Referat frå møte i elevråd 8-10, 27.10.26

Desse møtte i tillegg til elevrådskontakt Hilde:

	Representantar	Vara
8A	Filip & Ronja	
8B	Aksel & Sander	
9A	Asgeir	Dominic
10A	Nora & Magnus	
10B	Elias & Tina	

Sak 1: Klasseballar

Status frå dei ulike klassane:

- 8A: Har éin klassevolleyball, men den er i dårleg stand. Har ikkje fotball. Ønske om volleyball.
- 8B: Har éin klassevolleyball, og éin fotball. Men begge i dårleg stand. I tillegg til éin øydelagd kanonball.
- 9A: Har to fotballar og éin basketball – dei er i fin stand.
- 10A: Har ingen fotballar. Éin basketball (éin volleyball på trinnet som deler med 10b). Ønske fotball og volleyball: 1 stk til kvar klasse.
- 10B: Har éin basketball og éin volleyball i dårleg stand. Ønsker både volleyball og fotball.

Elevrådet drøfta og kom fram til fylgjande:
No nærmar vinteren seg. Vi har hallaktivitet tre dagar i veka, og når snøen kjem er det lite sannsynleg at mange vil komme til å vere ute. I staden for at vi får nye ballar no, kan ein heller vente til våren. Elevrådet har pengar til å kunne gjere innkjøp då. Fram til då, nyttar vi det vi har – pumpar opp og får i stand det vi har tilgjengeleg. Følgjer dette opp på klassenivå.

Før klassane får oppgradert ulike klasseballar til våren, må klassane lage seg ein plan på korleis dei skal ta vare på utstyret. Elevrådet sitt forslag er at ein slik plan bør innehalde:

- Ansvarsordning: fordele ansvar for kven som tek ball inn og ut.
- Merke alle ballar med kull / klasse.
- Om ein ser ballar ligge ute (også om det ikkje er kullet sin ball): ta dei med inn og levere til nokon vaksne slik at dei kjem til rett plass.

Sak 2: Kantine

Orienteringssak jamfør innkallinga. ALF 8 har gjennomført undersøkingar i klassane og arbeider vidare med tilbodet i kantina. Hilde har fått tilsendt oversikt frå Anita etter ALF 8 si undersøking. Dei mest ønskte varene er: smoothie (froosh), wrap, pastasalat, pizzabolle, kyllingsalat og frukt. ALF 8 vil arbeide vidare med dette. Nokre ting vil vere enkelt å få til, medan andre ting må dei sjå litt meir på. Dei må tenke på kva leverandørar kan levere, butikkar dei har avtale med, i tillegg til at dei må tenke på pris og svinn. Dei kan t.d. vurdere ei «bestillingsordning» på t.d. oppdelt frukt (for å unngå svinn då frukt raskt taper seg når den er oppdelt). Elevrådet følgjer saka opp seinare, dersom ALF 8 melder behov for det.

Sak 3: Helseveka

Innspel frå klassane – vil også bli vidareformidla til lærarane:

- 8A: Ønske om skidag.
- 8B: Ønske om å vidareføre hodeplagg-dag. Elles også vidareføre plan frå i fjor.
- 9A: Ønske om ein «friare» utkledningsdag (i fjor var det forbokstav). Ønsker å vidareføre turnering, og halde fram med turalternativ for dei som ikkje ønsker å delta på turnering. Ønsker seg klassens dag. Trinnet er ikkje så gira på kroppsøving med 7. trinn.
- 10A: Ønsker turnering (fotball/kanonball). Forslag om felles filmdag for 8-10. Fotballtrøyedag. Vil vidareføre felles lunsj, men kan gjerne tenke seg taco i staden for brødmat. Har ikkje ønske om å vidareføre jente-/guteprat med skulelege. Som alternativ kan vere ein idé med postkasse for anonyme spørsmål i klasserommet og at lærarane svarer på dei.
- Innspel om føredraget til Dan Gøran Espedal.
- 10B: Innspel om trafikklys-dag (ut frå sivilstatus). Ønsker seg meir praktisk undervisning denne veka, samt gruppearbeid. Ønsker swingkurs med Pål Arve.

Sak 4: Saker frå klassane

- 8A: Ingen saker.
- 8B: Ønsker seg ein godteridag med godteri og film.
    - Innspel i elevrådet: før avslutning jul/sommar brukar ein å legge til rette for dette.
- 9A: Ingen saker.
- 10A:
    - Ynskje om turnering (volleyball/kanonball) før jul. Hilde tek dette med til lærarane – vi har i utgangspunktet aktivitetsdag før jul på planen i årshjulet for 8-10.
    - Elevar melder om at dei opplever ein del sniking i køa når det er kantine. Dette er frustrerande og inkluderande. Føreslår at ein jobbar med køkultur. I tillegg har elevar også merka seg at det står mange i kø som ikkje handlar – kva er poneget med det? Kan også vere lurt å sjå på korleis køa står – no står den framfor døra, noko som gjer det lett å snike og vanskeleg å stille seg bak. Køa bør vinklast andre vegen.
      Konklusjon:
      Alle klassar må snakke om køkultur: etter kvart som vi kjem stiller vi oss bak den siste som alt står der. Elevar som ikkje skal handle i kantina, har ingen grunn til å gå i kantina – dei blir verande på klasseromma. Forslag om at ein vinklar køa i retning av stolrekka i elevkantina. På den måten stenger ein ikkje for inngangspartiet når nye elevar kjem inn. Hilde snakkar med Anita/ALF 8 om oppfølging av dette.
- 10B: Ingen saker.

Til orientering: leiar og nestleiar har skrive brev til rektor om tidlegare innspelt sak til elevrådet om inndeling av dusjane i garderobane. Elevrådet og klassane vil bli orienterte når vi har fått tilbakemelding frå rektor på dette.

Beste helsing

Nora
Elevrådsleiar 8-10

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt 8-10